

Klagebrevet.

Svar frå Hans Aarnes.

Professor Sigmund Skard, rektor Asbjörn Överås, skulestyrar Hans Eidnes og nokre andre har funne det høveleg å senda ut eit brev til alle mållag og fylkeslag med klage på styret i Noregs Mållag. Dei meiner at styret har gjort så lite og ringt arbeid at det lyt kastast, og no bed dei målfolket samla seg om denne store oppgåva: å kasta styret.

Det er visseleg ingen av dei som no sit i styret som vil gråta over å verta fritekne for arbeidet der anten dei har gjort mykje eller lite. Men skal dei dömast frå omboda sine, bør domen vera rettvis. Og domarane bør hugsa den gamle regelen at den mælestaven du brukar på andre, den skal du sjölv mælast etter. Vi har difor grunn til å leggja mælestaven på dei strenge domarane Hans Eidnes og Asbjörn Överås som sjölve har vore formenn i Noregs Mållag, og likeins på Sigmund Skard som har vore formann i arbeidsutvalet i Noregs Mållag for ikkje så lenge sidan.

På årsmötet i Bergen i 1946 vart Hans Eidnes vald til formann etter framlegg frå Asbjörn Överås. Vestmennene hadde stort fleirtal på mötet og kunne ha valt til formann kven dei ville, men dei var samarbeidsvenlege og valde Eidnes. Året 1947 vart eit daudt år for Noregs Mållag. Eidnes fann ikkje ein gong grunn til å halda årsmöte, så det gjekk over 2 år frå årsmötet i 1946 til det endeleg vart halde årsmöte i 1948.

Utan at eg på nokon måte ynskte det, vart eg innvald i styret for Noregs Mållag i 1948, og når eg fyrst var komen der, tok eg det ålvorleg og meinte at noko skulle gjerast. Eg fekk styret til å vedtaka ein 3 års arbeidsplan som eg set hit etter årsmeldinga for det året:

"Etter framlegg frå Aarnes har styret i 1948 vedteke ein 3-årsplan for norsk målreising.

For året 1948 var oppgåva å spreia Målkartet, senda ut "Bodstikka går", oppmoda laga om å halda målmarknad, få i gang studieringar og få til målnemnder i alle herad og byar der det ikkje er mållag.

For 1949 er planen:

Målprogrammet: Når målprogrammet for stortingsvalet 1949 er vedteke av årsmötet i Noregs Mållag i januar 1949, skal det straks sendast ut til alle mållag og ungdomslag og til dagspressa. Ein skal be mållag og ungdomslag syta for at målprogrammet vert slege opp i alle mötehus og andre stader der mykje folk samlast.

På nominasjonsmöta der kandidatar til stortingsvalet 1949 vert oppsette, må målfolket innan kvart parti freista å få oppsett så mange målmenn til stortingsmenn som råd er. Og ved stortingsvalet må folk gjera alt dei kan til å få målmenn valde.

Reisetalarar og skipingsmenn. Ein må gå ut frå at Noregs Mållag til året 1949 har fått ein god sum pengar frå målmarknader, ved julegåver og andre tilskot. Denne arbeidsmidelen skal ein nytta til å senda ut ferdatalarar og skipingsmenn over heile landet i samarbeid med fylkessamkipnadene.

Ferdatalarane skal serskilt vekkja målfolket til å gjera sin skyldnad ved stortingsvalet. Dessutan skal dei minna målfolket om dei oppgåver dei har med å vinna rom og rett for nynorsken i dagleglivet på alle omkverve.

Skipingsmennene skal hjelpa til å byggja ut samskipnaden med lag og nemnder og beinveges lagsmenn, og leggja til rettes det mål-arbeidet som kan gjerast på kvar stad.

Solfuglen vert send ut og seld til inntekt for målarbeidet.
Bodstikka vert send ut på same måten som i 1948.

Studiearbeidet vert drive med auka kraft.

Bokkveld. Ein bokkveld med foredrag om den nynorske bokavlen og utluting av nynorske bøker vert halde i alle mållag og ungdomslag, helst føre jul.

1950.

Vekkjings-, skipings- og førebuingssarbeidet i 1948 og 1949 skal samla målfolket til ein stor og avgjerande framstøyt i 1950.

Dette gjeld:

Nynorsken i folkeskulen. Målfolket lyt krevja krinsrøysting og freista få nynorsk til hovudmål i folkeskulen i så mange krinsar som råd er. Og der ein ikkje får fleirtal for nynorsk til hovudmål, bør ein i alle fall få vedteke at alle skuleborn skal få byrja med nynorsk ABC-bok frå 1951.

Nynorsken i styringsverket. Målfolket må syta for at dei heradstyra som enno ikkje har kravt nynorsk i vedskifte med styremaktene, no må krevja dette eller seia seg nøytrale.

Nynorsk i kyrkja. Målfolket bør krevja røysting om nynorsk salmebok og nynorsk altarbok og syta for at desse bøkene vert innførde i så mange kyrkjer som råd er av dei som no står att. I kyrkjer der det til vanleg berre er gudstenester på bokmål, må målfolket krevja eit minstetal gudstenester på nynorsk kvart år.

Nynorsk i forretningslivet. I alle forretningstiltak målfolk er med i, må dei krevja at møtebok og brevskifte heretter skal förast på nynorsk.

Brevmerke med slagord for norsk målreising vert sendt ut og selt til inntekt for målarbeidet.

Bodstikka vert send ut på same måten som i 1948 og 1949.

Studiearbeidet må halda fram.

Bokkveld på same måten som tidlegare år."

Det er underleg for meg å lesa i klagebrevet som m.a. Eidnes har skrivne under at styret no har gjort for lite eller har kome for seint i gang med å möta Foreldreaksjonen. Eg lyt difor minna Eidnes om kva han svara meg på eit möte i arbeidsutvalet i 1948, då eg ville at Noregs Mållag skulle senda ut Bodstikka og varsla målfolket om at dei måtte bu seg til å möta åtak frå bokmålsfolket, dei fyrste breva frå Bergens Riksmålsforening og Oslo Riksmålsforening med åtak på nynorsken i Kringkastinga var alt utsende, då svara Eidnes tvert: "Nei, vi vil ikkje kappspringa med kalvar!" Eg vart nokså modlaus av dette svaret, meg eg gav likevel ikkje opp, og Bodstikka fekk eg sendt ut på eit vis. No 7-8 år seinare når kalvane har vorte store og ville, vil Eidnes at styret skal kappspringa med dei.

Årsmötet i 1949 var i Trondheim. Hans Eidnes sa frå seg attval og til ny formann vart vald Asbjörn Överås. Eg hadde i god tid före årsmötet varsla at eg ville gå ut or styret, og eg fekk Peder Hovdan til å tala med Sigmund Skard om at han måtte verta min ettermann. Sigmund Skard vart vald inn i styret, og han vart endå til formann i arbeidsutvalet. Med Överås og Skard i styre og arbeidsutval hadde eg den beste tru på

at det skulle koma fart i sakene. Og sakene hadde dei i den 3-års planen som var oppsett. Dessutan vedtok årsmötet etter framlegg frå meg å senda desse framlegga til det nye styret:

" 1. Styret får fullmakt til å byggja ut samskipnaden med fylkeslag i alle landsluter. Grensene for fylkeslaga skal fylgja dei vanlege fylkesgrensene.

Kvart fylkeslag skal ha fylkesskrivar, og dei noverande målkontora vert omskipa eller nytta til fylkesskrivarstover.

2. Alle norsklyndte ungdomslag som står utanfor målsamskipnaden, skal få oppmoding om å melda seg inn i Noregs Mållag gjennom fylkesmållaga. Samstundes vert alle mållag som no står utanfor ungdomsamskipnaden oppmoda om å melda seg inn i Noregs Ungdomslag.

3. Pressetenesta på Skrivarstova vert utvida. Samstundes som alle fylkeslag vert oppmoda om å skipa pressenemnder til lokalt opplysningsarbeid.

4. Styret må taka oppatt bokhandlarsaka i samarbeid med styret i Noregs Ungdomslag. Ein skal arbeida for sjölvstendige bokbuer i bygdene som kan tinga böker beinveges frå forlaga. Partirabattsystemet som berre aukar salet av den lettaste litteraturen, må bort.

5. Kyrkjedepartementet vert oppmoda om å beda inspektörane for folkeboksamlingane sjå etter at det er eit rimeleg utval av nynorske böker i alle skule- og folkeboksamlingar.

6. Det bör veljast ei samarbeidsnemnd for lagsbruksdrifta i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag, for dei lagsbruka som er og for nye som det kan verta turvande å skipa.

Årsmötet bed styret taka opp denne saka med styret i Noregs Ungdomslag. "

Det vart syrgjeleg lite gjort med det nye styret. Tre-årsplanen trur eg helst vart bortlagd. Överås sat i Trondheim og hadde sjeldan höve til å vera med på möte i Oslo. Men i Oslo var då Sigmund Skard, og han var formann i arbeidsutvalet. Eg veit ikkje kva Skard gjorde eller kva han gjekk tröytt av. Men etter eige ynskje gjekk han ut or styret i 1950.

I Överås si formannstid vart det tilsett reiseskrivar i Noregs Mållag. Men opphavleg var det ikkje reiseskrivar spørsmålet galdt, men ein sjölvstendig skrivar for Noregs Mållag med rom på Skrivarstova jamsides skrivaren i Noregs Ungdomslag. Eg tok opp dette spørsmålet på årsmötet i 1946, og i 1948 skulle styra i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag ha eit sammöte om saka. Men då vi representantane for Noregs Mållag kom til mötet, kunne formannen i Noregs Ungdomslag, Vegard Sletten, opplysa at Knut Fortun var sett til eineskriver for Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag etter vedtak av styret i Noregs Ungdomslag. Vi laut difor nöggja oss med å få ein reiseskrivar. Men vi undrast over den einevaldsmakta Noregs Ungdomslag hadde til å diktera vilkår for Noregs Mållag. Men både Eidnes, Överås og eg var for fredsäle til å laga bråk med Noregs Ungdomslag om den makta styret i Noregs Ungdomslag stikk i strid med samarbeidsavtalen hadde teke seg til. Men det var ikkje berre i skrivarspørsmålet Noregs Ungdomslag var eigenrådige. Noko seinare tok dei det sams meldingsbladet "Norsk Ungdom" og gjorde det til meldingsblad berre for Noregs Ungdomslag. Noregs Mållag skulle ikkje få noko rom i bladet. Denne uretten fann det nye styret seg i, for ikkje å laga bråk.

Det er difor underleg å lesa i klagebrevet frå Skard og likesinna at styret i Noregs Mållag skal ha skulda for at det er kome til motsetnad mellom dei to samskipnadene. Noregs Mållag har gong på gong gått unna for maktspråket frå Noregs Ungdomslag, og skal Noregs Mållag gå unna meir no, må det beinast krypa under jorda.

I klagebrevet vert og Norsk Tidend nemnd, endå det er ei sak som Noregs Mållag ikkje beinveges har noko med. Noregs Mållag er ikkje luteigar i bladet. Det er heller ikkje Noregs Ungdomslag som laga den vidgjetne fråsegna si frå formannsmötet på Kongsberg. Men fråsegna er typisk for dei i Noregs Ungdomslag som vil råda med alt. Frå dei same krinsar i Noregs Ungdomslag er det sett fram den otten at Norsk Tidend vert ikkje eit fritt blad heretter. Eg veit ikkje kva dei meiner med det, men frå eiga röynsle kan eg nemna at det var ikkje alltid så lett å få noko inn i Norsk Tidend i Vegard Sletten si tid. I fjor vinter då eg dreiv på det hardaste med å skipa mållag, sende eg eit opprop til Norsk Tidend om at fleire laut koma med i arbeidet og gjera vårdugnad for Noregs Mållag. Eg fekk det ikkje inn. Det var ikkje mange linene, så det var ikkje plassen om å gjera, men overformynderiet fann det rettast å kasta oppropet i korga.

Var det nokon som snakka om samarbeid? Ja, det er alltid lett for han som berre kan diktera, men stakkars han som berre har å krypa for overmakta.

Oslo 9. april 1956.

Hans Aarnes.

DIALEKTKONTAKT OG MEDIEPÅVERKNAD

Det er ei kjensgjerning at lågstatusspråket og lågstatusformer i byane spreider seg ut på landsbygdi. Nokon meiner at det er kontakten mellom bymålbrukarar og dialektbrukarar som fører til slike endringar, medan andre vil leggja vekt på mediepåverknad. Geir Wiggen oppsummerar noko av dei ulike tilnærmingane Wiggen 1993 s.42 "Et språksamfunns språklige repertoar påvirkes rimeligvis i ekspanderende retning når det utsettes for fremmed språkbruk over tid, enten ved at språksamfunnets medlemmer kommer i direkte kontakt med medlemmer av andre språksamfunn ved flytting, eller indirekte gjennom tale- og skriftspråklige massemedia. Det er likevel uvisst om det talemålet vi alle utsettes for i radio og fjernsyn, har særlig stor påvirkningskraft på vår egen talemålsbruk (Foldvik 1979 a; s.147; Ohlsson 1979; Sandøy 1987a:168)" Wiggen meiner det er rimeleg å gå utfrå at skriftspråklige media hev meir å segja, men han steller seg avventande til å kommentera ein slik påverknadsveg.

Lars Vikør (Vikør 1994 Språkplanlegging, prinsipp og praksis s.207) gjeng lenger i å peika på korleis mediespråk kann påverka talemålsbruken til folk. "Det ser også ut til at folk forholdsvis lett kan tilpasse og tillempe dialekten sin til ein samtalepartner som har vanskeleg for å forstå, særleg når dei sjølve flyttar til fremmede miljø, og at den innebygde passive kompetansen i bokmål og nynorsk som alle nordmenn har gjer det muleg for dei å bruke desse målformene som rettesnor." Fleire granskarar kann ha ettervist at folk hev evna til at immitera mediespråket, statusmålet t.d Venås 1979.

Eg vilde underbyggja at mediespråket kann øva innverknad på talemålsbruken til folk. Til å underbyggja det skaffa eg meg tvo informantar frå typiske nynorskkommunar. Ei dama tidleg i 60-åri som me kann segja snakkar sunnhordlandsdialekt og ein mann på 74-år som snakkar Austrheimdialekt. Dei hev bae butt i Bergen i 30-40-år. For orden skuld vil eg umtala dama som informant a og mannen som informant b. Det var grunn til å tru at bae informantane hadde lempa talemålet sitt både fordi dei hadde fenge meir kontakt med bokmålet og fordi dei hev relativt mykje kontakt med bergensarar i yrkje og fritid. Eg la upp eksperimentet slik at eg let informant a snakka med informant b i umlag ein halvtime. Deretter snakka informant a med ein bergensar og til slutt snakka informant b med den same bergensaren. Bergensaren var 67 år og høyrde soleis til same aldersgruppa som dei tvo informantane.

Me skal fyrst taka fyre oss informant a i samtale med informant b. Informant a snakkar nokso nært upp til målet på heimstaden hennar (fusa). Det mest tydelege draget frå geolekten hennar som ser ut til å ha glide ut er segmentering av dubbel l. Ho segjer fjello og ikkje fjedlo. Den segmenterte formi skal stå sterkt i Fusa, og det er ei form som informanten ser ut til å ha lagt av seg. Einskilde ord og ordformer hev framande innslag. 3 personspronomenet ho i fusamål nyttar informanten systematisk hon for. Tredjepersonspronomenet dei i talemålet til informanten fær tidt formi di. Innslag av hannkjønnsformer av hokjønnsord møter me nokre stader t.d en søster for ei søster og søsteren for søstero i fusamål, greiden for greido, avisen for aviso. Verbbøygningar av verbet å bu som bøyggjast bur, budde, butt/budd på fusamål og soleis hev u i alle

bøygningar før innslag med o t.d. ber og bodde, men ikkje gjennomført.

Me finn minst ei form av presens med tillegg av r. På Fusamål vil det heita huske (evt. hugse), men informanten nyttar bergensform huskar. Elles merkar me oss at informanten nyttar bergenske eller bokmålsformer i ei ståande vending t.d. ho skal vi se.

Eg skal no taka fyre meg informant a i samtale med bergensaren. Informanten nyttar her bergensk lågstatusspråk for det meste, men ho hev tydelege innslag frå fusamålet, serleg i samtale med meg. Eg snakkar ein vanleg utbreidd variant av Nordhordlandsmål i samtale situasjonene. Eg vil skilja millom dei formene informanten nyttar i samtale med meg og dei formene ho nyttar i samtale med bergensaren. Det er serleg presensformer med tillegg av r som vert ståande i samtale med meg. Kvartoren/pronomenet det vert òg ståande. Former med presensbøygning av verbet å tru hev veksling millom trur og tror. Utslag med e-infinitiv ser det ut til å vera få av. Informanten nyttar mest a-infinitiv til meg.

I samtale med bergensaren nyttar informanten nesten berre presensformer med tillegg av r. Ho vekslar millom -er og -ar uttale. Me merkar innslag frå fusamål. Informanten nyttar serleg presens av verbet segja med realiseringi segje i fleire samanhengar. Dessutan nyttar ho adverbet frå i staden for bokmål-/ bergensformi fra fleire stader. Me merkar fleire einskildinnslag frå fusamålet t.d. ein a-infinitiv, ein stad segjer ho nokken i stadenfor det bergenske nokker. Eit par innslag av presensformer utan tillegg av r hørrer for hørrar i bergensk og innslag av nynorsk/fusaformi fækk.

Eit par stader nyttar informanten innslag frå høgstatusmål. Noko kann det skuldast at bergensaren stort sett snakkar høgstatusmål, men det kann vel og ha samanheng med at ho sjølv hev akseptert slike former. Det finst bergensarar som ikkje vilde taka slike former i sin munn. Men desse innslagi er so fåe at dei ikkje treng å ha so mykje å segja for heilskaper i samtalen.

dryfting

Denne informanten arbeider på kontor og hev mykje med skriftspråkleg kommunikasjon å gjera. Difor er det grunn til å tru at talemålet hennar er mykje styrt av skriftspråk. Det er grunn til å tru at ho tek utgangspunkt i skriftspråk, når ho nyttar bergensk eller fusamål. Det er eit tydeleg skilje millom o-formene i fusamålet og a-endingane i nynorsk på den eine sida og -en og -ene formene i bokmål på den andre sida. Det er naturleg at dei bergenske -en formene langt på veg skuldast dialektkontakt, men det hev vel òg noko å segja at desse formene høyrer til skriftmålet i bergenspressa og NRK.

Det verkar naturleg at informanten hev lagt av seg segmentering av ll til dl i eit ord som fjello. Like eins verkar det kurant at frekvensen av 3 personspronomenet di for dei stig. Dl er ei form som vert aldri so lite nytta i bygdemålet òg. For alle desse formene er det lett å argumentera for at dialektkontakten med bergensarar kann ha ført til talemålsendringar.

Hon som vert nytta fylgjerett for 3-personspronomenet ho og innslag av o i verbbygningi av verbet å bu vert det vanskelegare å forklara berre utfrå dialektkontakt. Mange

innflyttarar vil halda fast på desse målmerkji. No kann me merka oss at informant b òg nyttar hon fylgjerett, men han nyttar ikkje formi bor, bodde. Eit argument for at det er dialektkontakt med bergensarar som fører til bruken kann vera at 3 personsformi i eintal vert nytta som tilvisande pronomen. Det kann føra til at det vert plagsamt å nytta bygdemålsformi ho. Men tilsvarande ting kann segjast um 3 personfleirtalsformi dei. "Dei" synest å stå mykje sterkare. Denne formi hev jamvel ein referensiell funksjon i skriftmålet. T. d. Gutane gjekk tur. Dei vart slitne. Både hon og di hev det sermerkje at dei vert skrivne forskjellig frå uttalen hun og de på bokmål, medan nynorskformene vert oppfatta som ljodrette ho og dei, difor ser det ikkje ut til å vera noko argument at den eine formi er meir ljodrett enn den andre. Men det kann vera at di og dei vert oppfatta som nokso like uttalar, medan avviket millom hon og ho vert oppfatta som større. I so tilfelle vil ein kunna tenkja seg at bokmålssuttalen og uttalen i bergensmålet er det informanten lempar seg etter, men at det vert mindre brysampt å markera eit avvik i 3 person fleirtal enn i 3 person eintal. Dialektkontakte ser ut til å ha mykje å segja, men mediepåverknad er med å markera at dei og ho ikkje er akseptable former i bergensk.

SAMTALEN MED BERGENSAREN

Eg skal no gå yver til samtalen millom informant a og bergensaren. Informanten syner seg her som tvespråkleg. Ho hev utvikla ein sereigen bergensk dialekt som ho nyttar i samtale med bergensarar. Men me merkar mange innslag frå fusamål. Det verkar sannsynleg å tenkja seg at informanten hev teke utgangspunkt i bokmål når ho hev utvikla bergensdialekten sin. Det kann vera med å forklåra at ho nyttar høgstatusformer eit par stader. Men ein viktigare grunn til innslaget av høgstatusformer kann vera at kontortilsette langt på veg er opne for og opplærde til å nytta høgstatusmål - i alle fall er det grunn til å tru at det var slik då informanten kom inn i yrkeslivet. Informanten nyttar både -er og -ar endingar i presensformer og i presens av verb. Summe stader kann innslaget av -er endingar og -ar endingar skuldast påverknad frå talemålet hennar andre stader kann -er-endingane vera motivert av bokmålet eller bergensk høgstatusmål. Det er lett å tenkja seg mediepåverknad her. Både bokmål og nynorsk hev tillegg av r i presens av verb og i ubundi form fleirtal av fleire substantiv (nynorsk hev rett nok nullbøygning i inkjekjønn). Når informanten kjem til Bergen, og kjenner seg pressa til å leggja seg oppmot høgstatusmålet er det naturleg at ho tek upp former med tillegg av -r.

Når informanten nyttar frå i bergensk lågstatusmål kann det ha samanheng med at formene då og no er dei vanlege i bergensk lågstatusmål. Desse adverbformene minnar mykje um frå og det kann føra til at informanten ikkje ser nokon grunn til å leggja formi frå heilt av seg.

Når det gjeld formi segje kann vel den formi takast som eit innslag frå fusadialekten som kjem fram når informanten vert ivrig.

Når informanten nyttar formi noken i samtale med bergensaren kann det ha samanheng med at ho blandar saman kva for eit målføre som ikkje skal ha registervariasjon millom tvo former av nokon og kva for eit målføre som ikkje skal ha registervariasjon millom tvo former. Bergensk hev

4

på å utvikla det, og dei som brukar det vil kjenna seg pliktige til å fylgja den praksisen som deltakarane av det språklege høpehavet hev bygt upp.

Det er klårt at det kann verka rimelegt å hevda at det er det norsk-danske daningsidealet som er det leidande i landemålestokk. Vanlege nordmenn som ikkje er særleg språkmedvitne vil vel meir eller mindre kunna gå god for at det er det norsk-danske daningsidealet som er den rette måten å snakka eit kultur- og riksberande talemål på. Det som vert eit tilbakevendande problem i den norske måletoda vert likefullt at fleirtalet av dei riksmåleskrivande nordmennene ikkje snakkar det riksmålet som Vinje vil gjera til einaste riksmål for deim.

Problemet med nynorskupplæringi i skulen er m.a at elevar og lærarar hev ulike meiningar um kva som er nynorsk mål, og det er mange punkt der det er grunnlag for usemja. Det er heller ikkje so rart at elevane av og til tek i miss når dei skriv. Det er eit lite under at elevar som i mange tilfelle aldri hev læst ei einaste bok på nynorsk, og knapt hev høyrd det gjennom radio og fjernsjå, er istand til å dana seg eit so klårt inntrykk av målet at dei utan vidare veit at det er serlege normer og reglar som høyrer til ein nynorsk målbruk. Alle språk treng eit talemålsideal. I Oslo og kanskje ogso i andre storbyar hev ein gjort seg so arrogante at ein forbyd nynorske bladfykar og andre å skriva nynorsk. Ein set forbod og stengsel gjennom sosiale konvensjonar og gjennom tilsetjing, slik at ein skal tryggja seg at ein ikkje fær nynorsken inn i almenne talerøyr. Soleis er ein med på å stogga utviklingi av eit meir alment nynorsk talemålsideal. Men i tillegg skal ein helst framstella måletoda som eit forbigåande fenomen som målrørsela hev skuldi for. Alt skal løysa seg når me berre fær eit samnorsk språk ein gong i framtidi. Riksmålet hev eit fast innarbeidd talemålsideal fordei som vil bruka det. Riksmålet hev eit formverk som vert nytta konsekvent både i tale og skrift rett og slett fordi det er sosialt akseptabelt å gjera det, og fordi dei målpolitiske styresmaktene gjeve løyve til det.

5

5

registervariasjon mellom noen og nokken. I samtalen med informant b segjer ho noen ein stad noen, enda fusamalet berre hev formi nokken. I samtalen med bergensaren segjer ho nokken og ansar ikkje på at bergensk hev formi nokken. Her innfører ho eineformi frå fusamalet i bergensk.

Det mest markante utslaget når det gjeld denne informanten er den gjennomførde bruken av presensformer og ubundne substantiv former med tillegg av -r.